

Dagbok nr. 07734 17.10.69  
 Hordaland 1 SEP 1969  
 NORDJORDLUND SØRENKRIVARER  
 Landbruksekspertise  
 A173

Dot 26. AUG. 1969 Arkiv nr.  
 J. nr. 338 Ekspedert  
 LINDÅS JORDSTYRE

# Skyldskifte

Lørdag den 9 august 1969, heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Bygde Ludre gr.nr. 58 br. nr. 10 med skyld mark 229 i Lindås herad. Ragnar Bygde har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.<sup>1)</sup> Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad ~~så nær som~~ alle

Ved tenesta møtte Gudlak Feste, Nulon, Bergjordag  
 Av partane<sup>2)</sup> Ragnar Bygde og Leif Glinjer  
 Av grannane<sup>3)</sup> ingen  
 Til formann vart vald Olaf Villanger

Opplysningar om den/dei part/partar av eigedomen som er fråskild:

1. Vidde: Dyrka jord 0 dekar, naturleg eng og kulturbeite 0 dekar, produktiv skog 0 dekar, anna vidde 0,4 dekar — i alt 0,4 dekar.

2. Grensene<sup>4)</sup> til den/dei fråskilde part/partar: Parcellen ligg sør for Brisingeviken i br. 10 sin utmark i Rivdalen Grensa tek til med x i Berg går 16 m. til x i Berg stor stein, vinkelar og går i S.V. retning 22 m. til x i Berg vinkelar og går 15 m. N.V. retning til x i Berg og går 23 m. S.N.O. retning til utgangs punktet. Til Parcellen høyrer indmarken ved sjøen oppmerkt med x i berg 6 x 12 m.

<sup>1)</sup> Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)  
<sup>2)</sup> Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding ..... den ..... 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sorenskriveren saman med skyldskiftedokumenta.  
<sup>3)</sup> Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).  
<sup>4)</sup> Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjøelve markeskiilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).